

Reglement for godtgjering til ombod i Åseral kommune

§ 1. Reglementets omfang

1. Dette reglement gjeld for ombod i Åseral kommune.
2. Med ombod meiner ein valde medlemmer av kommunestyret, eller ein person som er medlem av anna kommunalt politisk folkevald organ.
3. Ein person som i sin funksjon som kommunalt tilsett, er vald/oppnemnd til medlem av kommunalt politisk organ har rett til same godtgjering som andre medlemmar av utvalet.

§ 2. Faste godtgjeringar

1. Ordførar:
Ordføraren er tilsett i 100% stilling og vert løna 95 % av løna til ein stortingsrepresentant. (Ordføraren får ikkje møtegodtgjering eller tapt arbeidsforteneste).
2. Varaordførar.
Varaordførarens godtgjering vert sett til 7% av ordførarens løn.
(Varaordføraren får møtegodtgjering for kommunestyremøta og for kommunalutvalsmøta).
3. Kommunalutvalsmedlemmar for øvrig:
Kommunalutvalets medlemmar får fast godtgjering tilsvarande 4% av ordføraren si løn.
(Kommunalutvalsmedlemmane får møtegodtgjersla for kommunestyremøta og for kommunalutvalsmøta).
4. Ved langvarig fråver, ein måned eller meir, vert medlemmet trekt forholdsvis i godtgjeringa. Respektive vararepresentant vil for same tida få godtgjersle som ordinært kommunalutvalsmedlem.
5. Telefongodtgjering.
Ordføraren får dekkja mobiltelefon og fiber/breiband til heimekontor.
6. Leiar for hovudutval.
Leiar for hovudutval si godtgjering vert sett til 2,5% av ordførarens løn.

§ 3. Møtegodtgjering

1. Møtegodtgjeringa vert sett til:

utvalslønar i utvalsmøter	kr. 1.400,-
formann:	kr. 1.000,-
vanleg medlem:	kr. 800,-
medlem barne- og ungdomsråd:	kr. 400,-
2. Dersom kurs, synfaringar krev omfattande førebuingar har ombodet rett til møtegodtgjering. I tvilstilfelle avgjer ordføraren.
3. Møter i politiske organ vert godtgjort som eit møte, sjølv om møtet går over fleire dagar.
Tilsvarande gjeld for deltaking på konferansar, synfaringar, kurs eller liknande.
4. Ad-hocutval som eit politisk organ har oppretta, vert godtgjort etter reglane i denne paragraf dersom ikkje ordføraren bestemmer noko anna.
5. Om ein folkevald har fleire møter på ein dag (tida 08:00 – 16:00) skal dette teljast som eitt møte.

§ 4. Erstatning for tap i inntekt og påførte utgifter (som følgje av tillitsverv i kommunen)

1. Med heil dag meines møter m.v. over 4 timar inkl. reisetid. Ulegitimert sats er f.t. kr. 1.000,-.
2. For lønsmottakarar vert dokumentert tap i inntekt erstatta (legitimert beløp). Tap i feriepengegrundlag og eventuell forventa inntekt (turnustillegg, overtid og liknande) kan også erstattast. Kravet må dokumenterast frå arbeidsgjevar. Lønsmottakar som arbeider turnus, der møte m.v. fell på ein fridag, kan få dekkja ulegitimert sats.

3. Sjølvstendig næringsdrivande får – etter eigenklæring – erstatta tapt arbeidsforteneste inntil ulegitimert sats pr. heil dag. Tap utover dette må dokumenterast.
4. Andre enn lønsmottakarar får – etter eigenklæring – tapt arbeidsforteneste inntil (erstatta med) ulegitimert sats - pr. heil dag.
5. Høgaste refusjonsbeløp for sjølvstendig næringsdrivande, arbeidstakarar og andre er 2 gonger ulegitimert sats *gonger*.
6. Nødvendige utgifter som ombodet blir påført for å kunne ivareta sitt verv kan dekkast etter legitimasjon. I tvilstilfelle avgjer ordføraren.
7. Påløpte utgifter kan dekkast etter framsett krav frå vedk. ombod eller etter rekning frå 3-person når denne er påført attestasjon frå vedkomande ombod.

§ 5. Ettergodtgjering

1. Ombod som arbeider i halv stilling eller meir har rett på etterløn i samband med skifte i verv etter kommunevalet. Ombod som går inn i nytt arbeid når dei sluttar, får etterløn i halvannen måned. Ombod som ikkje går inn i nytt arbeid får etterløn i 3 månader.

§ 6. Sjukepengar – forsikring – pensjon

1. Kommunale ombod, som vert frikjøpt frå eigen arbeidsgjevar med ¼ stilling på årsbasis eller meir for å gjera teneste for kommunen, har rett til sjukepengar og forsikringsavtale som for kommunalt tilsette.
2. Det vert teikna ulykkesforsikring for kommunale ombod slik at dei er forsikra på direkte reise mellom heim og stad for utøving av kommunale oppdrag og for den tid dei utfører kommunale oppdrag.
3. Ordførar vert meldt inn i pensjonsordning for folkevalde.

§ 7. Reisegodtgjering

1. Alle ombod har krav på skyss-, kost-, overnattingsgodtgjering m.v. etter det til ei kvar tid gjeldande reiseregulativ i kommunen. Det vert ikkje sett nedre grense for reiselengda. Bustad vert rekna som utgangspunkt for reise.

§ 8. Frist for innsending av rekning

1. Rekning for utgifter til m.a. skyss, kost, og overnatting, erstatning for tap i inntekt og møtegodtgjering, skal førast på fastsett skjema – underskrivast – og leverast til rette avdeling snarast, men seinast innan 3 – tre – månader etter møtedato dersom ikkje anna er avtalt. Det skal leverast eiga rekning for kvart politisk organ.
2. Oppgjer om erstatning for tap i inntekt bør fortrinnsvis skje etter avtale direkte mellom kommunen og ombodet sin arbeidsgjevar. Oppgjersterminar for dette vert avtala i kvart einskild tilfelle.

§ 10. Tolkning av reglementet

1. Ordføraren får fullmakt til å tolka dette reglementet. Dersom det oppstår tvist, blir desse avgjort av kommunalutvalet med endeleg verknad.

§ 11. Endring av reglementet

1. Bare kommunestyret sjølv kan vedtaka realitetsendringa av dette reglement.

§ 12. Anna godtgjering

Godtgjersle valmedarbeidar/røystestyre: Løn som fagarbeidar med full ansiennitet, og med kveldstillegg etter klokka 17:00. Ystelen gjev ikkje rett til pensjon.

Vedtaksdato: Kommunestyret 25.01.2007
Endra: Kommunestyret 3. 9. 2015, sak 15/39
Justert: Kommunestyret 15.12.2016, sak 16/100